

Lindås kommune
Teknisk Drift
v/Rune Kilen
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 8116-B01_2
Bergen, 23. Oktober 2017

**SOMMERRO PANOMRAMA AS.
ISDAL. KUBBALEITET BUSTADOMRÅDE. VVA-ANLEGG. BYGGJETRINN
1 OG 2. GNR. 137 BNR. 66 M.FL.
SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE VEGPLANAR.**

Visar til Dykkar brev av 19. mai 2017 (snr. 17/137-17/14559).

På vegne av tiltakshavar Sommerro Panorama AS søker vi med dette om godkjenning av tekniske planar for veganlegg i Kubbaleitet bustadområdet. Bustadfeltet vil leggje til rette for om lag 170 nye bustadeiningar.

Byggjetrinn 1 er nytt veganlegg i Isdalstøbakken og veg inn i bustadområdet, fram til gnr/bnr. 137/94

- veg o_V2
- veg o_V3 profil 0-105
- vegar til eigedommane gnr/bnr. 137/45 og 137/739.

Byggjetrinn 2 er veganlegg i bustadområdet, fram til nye bustader i delfelt BB1, BB3, BK1, BF2 og BF3:

- veg o_V3 profil 105-305
- veg o_V4
- veg f_V6
- veg f_V7 profil 0-25
- parkeringsplass f_P1.

Byggetrinn 3 og eventuelt 4 vil bli prosjektert ferdig etter trinn 1 og 2 er ferdig bygd.

Fyste del av bustadområdet er delt i to byggjetrinn grunna manglande grunnavtale med eigar av gnr/bnr. 137/94. Samstundes er utbyggjar forplikta til å byggje ny veg og støytiltak langs gnr/bnr. 137/739 innan ein gitt frist.

Tiltaket omfattar:

1. Ny tofelts køyreveg med einssidig fortau inn i bustadområdet (o_V3). Vegen erstattar dagens veg Kubbaleitet
2. nytt vegkryss i Isdalstøbakken. Veg inn i nytt bustadområde (o_V3) blir hovudveg. Isdalstøbakken mot søraust blir innsnevra til eit køyrefelt (veg o_V2). Busslomme blir erstatta med nytt fortau.
3. Veg til eigedomar nordaust for Isdalstøbakken (gnr. 137 bnr. 51, 55, 765 m.fl.) blir lagt om ved at bredda på veggen blir redusert (f_V1)

4. I kryssing av vegbane (o_V3 profil 45) for fotgjengarar og syklistar blir det montert sykkelstøtte som trafikktryggleikstiltak.
5. Støyskjerm (h=2,5m) mellom veg og eigedom gbnr 137/739 (o_V3 pr. 57-90). Skjerm blir montert på utsida av frisisikline i vegen.
6. Tett gjerde (h=2,0m over vegbanen) mellom veg og eigedom gbnr. 137/53 (o_V3 pr. 136-160). Blir montert på eksisterande betongmur i eigedomsgrense, utanfor frisisiktsone i vegbanen.
7. Omlegging av vegen Kubbaleitet (o_V4) til eigedomar aust for planområdet (gnr. 137 bnr. 43, 53 m.fl.).
8. Veg o_V3 blir bygd på støttemur mot bustadfelt BF2 og parkeringsplass f_P1 (pr. 160-255)
9. Ny privat fellesveg f_V6 og delar av f_V7

Me søker om at følgjande veganlegg blir overtatt av kommunen til drift og vedlikehald:

- o_V3 profil 0-305 m fortau
- o_V2
- o_V4

Spørsmål om søknaden kan rettes til underteikna på tlf. 55 59 82 64 eller e-post thor-henrik@haugen-vva.no. Om ønskeleg kan vi stille på eit avklaringsmøte på Dykkar kontor for gjennomgang av planane.

Me vonar ei positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Teikningar etter liste s. 1-2

Teikn.nr. B90 – Vegplan – byggetrinn 1 (M=1:500)
 GH01A – Vann- og avløpsplan (M=1:1000)

Kopi av brev og vedlegg:

Sommerro Panorama AS v/Kjell Reigstad